

49. ÅRGANG
2/2021

3 Helseutdanning
for klart
helsespråk!

10 Språkstrategier
ved norske
universiteter:
Hva nå?

24 Meld deg på
den digitale
Språkdagen 2021

Språknytt

Politisk kommentator

**JENS
KIHL**

ser inn i den språk-
politiske spåkula
høsten 2021

side 6

Språkrådet 


INNHold

2/2021

- 3 Helsespråket treng behandling
- 5 Språkbrukeren
- 6 Intervjuet



- 10 Ta regi med ein språkstrategi
- 17 Hurra for Nöörje!
- 18 Klart språk kan gjøre jussen mer forståelig
- 22 Litteratur som støttespiller
- 24 Språkdagen 2021
- 25 Med andre ord



- 26 Språkvitenskapen og nasjonen
- 31 Nyord
- 32 Klipp
- 33 Leserspørsmål
- 36 Historia bak

LEDER

Utfordr engelsk!

Heilt sidan det fyrste norske universitetet vart stifta i Christiania i 1811, har høgare utdanning i Noreg vore eit fleirspråkleg domene. Slik må det vera, for Noreg er nær knytt til resten av verda, og forskinga går på tvers av landegrensene.

Men dei siste åra har det blitt mindre språkleg mangfald i sektoren. Aukande bruk av engelsk går ut over norsk og andre språk. Denne utviklinga uroar meg. Kven andre enn dei norske utdanningsinstitusjonane skal rusta studentane, arbeidslivet og samfunnet med eit godt, norsk fagspråk?

Heldigvis er ikkje eg den einaste som er uroleg. For å unngå at norsk blir trengt heilt ut frå akademien, har universitet og høgskular sidan 2010 hatt eit lovpålagt ansvar for å halda ved like og vidareutvikla norsk fagspråk. Kunnskapsdepartementet har slått fast at dette ansvaret inneber at institusjonane må laga eigne språkstrategiar.

Kor godt fungerer eigentleg desse strategiane? Det har vi fått svar på i ein fersk rapport frå Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Nesten alle institusjonane har eller er i ferd med å skaffa seg språkstrategiar. Dikus inntrykk er likevel at språkstrategiane i liten grad er strategisk viktige for institusjonane.

Eg er oppteken av at språkarbeidet ikkje skal handsamast isolert og som ei tilleggsoppgåve for institusjonane. Tvert imot – godt språk er den beste reiskapen for å nå andre mål. Difor har eg lyst til å utfordra institusjonane til å satsa på norsk fagspråk både når dei skal løysa samfunnsopdraget sitt, og når dei skal nå andre visjonar og mål. Utfordr alt!



→ ÅSE WETÅS
direktør i Språkrådet



Helsespråket treng behandling

AV MAGNE NYLENNÅ OG ERLEND HEM

Utdanningsinstitusjonane må ta meir ansvar for at helsepersonell brukar godt norsk språk.

Legar blir ofte skulda for å uttrykke seg uforståeleg. Ubegripelege ord og uttrykk har medverka til mykje uvisse og angst hjå pasientar.

Problemet gjeld ikkje berre legar. Omgrepet helsespråk blir brukt om språkleg kommunikasjon om helse og sjukdom i ein fagleg samanheng der stadig fleire helseprofesjonar inngår.

Vanskeleg språk er eit demokratisk problem

Eit av problema er at helsespråket skal fungere som kommunikasjonsmiddel både helsepersonell imellom og mellom helsepersonell og pasientar, pårørande og publikum. Eit presist og

korrekt fagspråk kan vere optimalt mellom to fagspesialistar, men komplett uforståeleg for andre.

Spesialiseringa har òg gjort kommunikasjon vanskeleg internt i helsetenesta. Ein fastlege kan i dag ha vanskar med å forstå eit utskrivingsnotat frå ein sjukehusspesialist, til dømes ein augelege. Eit aukande tal helsearbeidarar med norsk som andrespråk byr på eigne utfordringar.

Velmeinte pasientrettar har gjort ordinære brev om timeavtale til lange, juridiske dokument. Undersøkingar frå Helgelandssjukehuset har vist at kvar femte av dei innkalla pasientane ikkje møtte førebudd til behandling fordi dei ikkje forstod informasjonen i brevet dei hadde fått. Alle blir taparar: Pasientane får ikkje utgreiinga og behandlinga dei treng, helsepersonell kastar →



«Pasientar har rett til informasjon som er tilpassa den einskilde.»

Sjå nettseminar om helsespråk og lanseringa av boka *Helsespråk* via nettsidene til Språkrådet.

→ bort verdifull tid, og sjukehusa og samfunnet taper pengar. Men problemet er langt større. Ei undersøking frå 2021 viste at kvar tredje vaksne person i Noreg har problem med å forstå, vurdere og nytte den helseinformasjonen som finst. Det er eit demokratisk problem.

Lova set krav om klarspråk

Engelsk har blitt vår tids latin i vitskapleg samanheng. Forsking blir hovudsakleg publisert på engelsk. Men framleis snakkar dei fleste pasientane norsk. Dei tenkjer på norsk og drøymmer på norsk. Å finne dekkande norske ord og uttrykk på medisinske fenomen er ein viktig del av arbeidet for eit godt helsespråk. Alt som kan seiast på engelsk, kan òg seiast på norsk.

Koronapandemien har vist kor viktig – og vanskeleg – informasjon kan vere. Siste året har vi sett mange eksempel på glitrande, klar og god formidling, men også møtt kompliserte og uforståelege budskap. Det er alltid mottakaren av informasjon som avgjer kva som fungerer.

Pasientar har rett til informasjon som er tilpassa den einskilde. Ofte må det brukast andre ord overfor pasientane enn i den interne faglege samanhengen. Den nye språkløva set krav om klarspråk i all offentleg verksemd. Mottakarane skal finne det dei treng, forstå det dei finn, og kunne bruke det dei finn, til å gjere det dei skal.

Språket fortener meir merksemd

Dei ulike norske tidsskrifta for helsepersonell er viktige for helsespråket. Det same gjeld helseføretaka og helseforvaltninga. Men viktigast er utdanningsinstitusjonane. Det er i utdanninga grunnlaget for seinare språkbruk blir lagd. Universitet og høgskular har ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk. Dei skal gi studentane eit godt norsk arbeidsspråk, men lukkast dessverre ofte dårleg. Ikkje ser det ut til at utdanningsinstitusjonane tek dette ansvaret på særleg alvor heller. Språket, som er den mest brukte reiskapen i dagleg arbeid i helsetenesta, får for lite merksemd i utdanningane.

Vi etablerte i 2015 ei gruppe for norsk medisinsk fagspråk der ulike helseprofesjonar og representantar for akademia, forvaltning og praksis deltek saman med språkfolk. Med støtte frå Språkrådet, Direktoratet for e-helse og Helse sørøst RHF har vi nyleg publisert ei artikkelsamling om helsespråk. Boka *Helsespråk* er fritt tilgjengeleg som supplement til tidsskriftet Michael.

No må universitet og høgskular ta ansvar. Vi utfordrar dei til meir aktiv innsats for eit betre norsk helsespråk. ●

→ MAGNE NYLENN og ERLEND HEM er professorar ved Det medisinske fakultetet ved Universitetet i Oslo. Innlegget vart først publisert på khrono.no.



Språkbrukeren

MAREN BØ
frilansjournalist og
idrettspedagog

Dryl ballen inn i tjukkassen

Eg hadde ein gong ein gymlærar som samla på gymord. Han likte spesielt dei orda som handla om å skyte ballen hardt, og helst i mål. Kvar time ramsa han opp: *dryle, blure, druse, kline, smelle, dure, fyre, måke* og sikkert mange fleire. For ein nørd, tenkte eg då. Så vart eg gymlærar, og plutselig samla eg på gymord sjølv.

Det er ikkje vanskeleg å forstå at det finst mange språklege uttrykk for det å skyte ballen i mål. For det er ikkje mykje som slår kjensla av å kline til skikkeleg, slik at fotballen treff reint på foten og susar inn i kassa.

Erling Braut Haaland, fotballproffen frå Jæren, snakkar ofte om korleis han dryler ballen i mål. Når han i intervju gjentekne gonger blir spurt om kvifor ditt og kva datt han tenkte og kjente idet han fyrte laus, svarer Erling nøkternt at det berre var å *dryla te*. Så få ord for så mange kjensler.

Eit anna artig gymord, som blir brukt i heile landet, er *tjukkas*. Namnet passar så fint til madrassen, for han er jo tjukk. Tjukk og elska, i motsetning til den hata bukken. Så snart gymlæra nærmar seg strikken som held tjukkassen på plass, startar ei iling i forsamlinga. Dei aller minste klarer ikkje å halde kroppen i ro og berre *må* kjenne på lufttrykket den tunge madrassen gjev frå seg når han dundrar i golvet. For dei litt eldre er tjukkassen perfekt til kroppsleg flørtning, eller berre til å nyte livet på med ei skadd tå.

Men til poenget: Tenk å kalle eit pedagogisk verkemiddel for *tjukkas*. Det hadde ikkje kome på tale i dag. I ordboka mi er *tjukkas* forklart som «ein tjukk landingsmadrass

i sprangøvingar», og som det meir openberre, «ein tjukk gut eller mann». Omgrepet er naturlegvis forbode å bruke om medelevar, så her må ein halde tunga beint i munnen.

Forresten er det heller ingen som kallar dei tynne mattene for *tynnasane*. Eg har prøvd, men det slo ikkje an. Og slik krasjar *tjukkasen* og *tynnasan* med norsk kultur. For her til lands skryter vi støtt av kor tynne vi har blitt. Det motsette er det berre bestemora mi som snakkar om. *Tynnas* står då heller ikkje i ordboka.

Det viktige er uansett at ein ikkje forvekslar dei to tydingane av *tjukkas*. Elles kan det å be elevane trene på å dryle ballen inn i *tjukkasen* kome feil av stad.

PS: Eg er klar over at eg brukar omgrepet *gym* og ikkje *kroppsøving* her, men det er ei anna språkhistorie.



Spår større språkmang- fald

I kva grad blir språkpolitikken og språklova eit tema i valkampen denne hausten? Vi har bede politisk kommentator Jens Kihl om å ta ein titt i spåkula.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

– Eg trur ikkje at fylkeskommunal nynorskplikt er blant temaa på den store partileiardebatten siste kvelden før valnatta. Men det er ikkje så viktig. Dei som er opptekne av språkpolitikk, har fått tid og rom til å arbeide med språklova. Det er svært bra. Med språklova finst det eit rammeverk som styrkjer dei språklege rettane til innbyggjarane, seier Jens Kihl i Bergens Tidende.

Den 12. mai 2020 la kulturminister Abid Raja fram språklova for Stortinget, og den 8. april 2021 vart lova einstemmig vedteken.

Det er med andre ord brei politisk semje om å styrkje norsk språk på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Samtidig har det vore ein del debatt rundt dei ulike para- grafane i språklova.

Blant anna meiner Arbeidarpartiet at språklova vil svekkje nynorsken, og at lova bør ha sterkare tiltak for å slå attende mot påverknaden frå engelsk. Framstegspartiet meiner at sidemål i skulen bør vera valfritt, og at språklova er eit fint høve til å gje elevane denne valfridomen. Dei raudgrøne partia ynskjer at regjeringa skal koma med forslag om kva sanksjonar som bør gjelde ved brot på språklova. Og Høgre synest at det er viktig at språklova tek omsyn til sjølvråderetten i fylkeskommunane.

Merksemda og debattane rundt språklova har ført til at fleire parti har sett språkpolitiske saker på agendaen, meiner Kihl.

– Noko av det mest interessante som har skjedd, er den fornya språkpolitiske interessa

«Eg brenn for god rettskriving, men eg trur det er mykje viktigare å løfte språkmangfaldet.»



i Arbeidarpartiet. Tidlegare hadde dei knapt noko i programmet sitt om nynorsk og bokmål, men nå har dei fått inn fleire formuleringar om språk og målformer. Dei borgarlege partia har laga ei samlande språklov med ein sterk formålsparagraf. Dei raudgrøne har sagt at dei ikkje er nøgde med alle punkt, og dei prøver å stramme til nokre av føresegnene. Vi har med andre ord fått eit godt fundament, men fleire av paragrafane i lova vart svekte undervegs i arbeidet, for eksempel kravet om at kvar enkelt tilsett i staten skal meistre båe målformer. Nå prøver opposisjonen å justere lova meir i den retninga dei ynskjer.

Koronaen har gjort det offentlege meir inkluderande

Det er fleire hendingar i det siste som har gjort språkpolitikken aktuell. Kihl meiner at koronaen har endra Noreg som språksamfunn. Det siste året har mange sett at kommunikasjonen

med forvaltninga handlar om meir enn at offentleg informasjon skal vera tilgjengeleg. Ein har måtta gå meir aktivt ut for å nå fram til alle.

– Før kunne det offentlege seia at dei hadde informert etter boka. Men nå har vi vore avhengige av at all informasjon må nå fram til heile folket. Den klarspråkskompetansen som helse- og regjeringa har vist, har vore imponerende, spør du meg. Koronaen har vore ein vekkjar for språkarbeidet i offentleg sektor, og eg trur at mange har vorte opptekne av å forstå språkmangfaldet.

Kihl peiker på at informasjon har vorte omsett til både nye og gamle minoritetsspråk, og han ser at dei teiknspråktolka pressekonferansane har hatt mykje å seia.

– Nå har fleire av dei politiske partia begynt å teiknspråktolke landsmøtetalarne sine. Det er eit tydeleg eksempel på at språkmangfaldet blir teke på alvor.

→

Intervjuet

→ Guten som skreiv så mykje

Kihl seier at han sjølv har vakse opp i ein familie med stort mangfald. På familiesamlingar kunne han høyre både samiske språk og ulike dialekter. Med ein far frå Namdalen lærte Kihl å setja pris på nordtrøndersk kultur.

– Eg har vakse opp med bokmål som opplæringspråk utan eigentleg å få med meg at ein burde ha fordommar mot nynorsk. I 7. klasse fekk alle i klassa velja ei bok som vi skulle lesa i norsken. Eg fann *Guten som song så stygt* av Torvald Sund i bokhylla heime.

Læraren kunne nesten ikkje tru at eg frivillig hadde valt ei bok på nynorsk. Eg kunne like godt ha valt *Mein Kampf!*

Ord og skrivning har alltid vore ei stor interesse for Kihl, og norsk var favorittfaget. Han kan skilte med ein tidleg journalistisk debut. Allereie som barneskuleelev starta han aviser som *Ullevål Times*, *Avisa Brilljant* (der alle i redaksjonen hadde briller) og *Under korpslua*.

– Eg har heile tida hatt gode norsklærarar som har gjeve elevane stor kreativ fridom. Eg er bekymra for at skulen i dag har vorte for rigid, det er så store krav til dokumentasjon og testing. Elevar er ulike, og dei kan ikkje lære alt på den same måten. Eg håpar vi kan sleppe elevane og lærarane litt meir fri.

Språkpolitikk, takk

Språkpolitikk er ikkje eit ukjent felt for Jens Kihl. Han har mellom anna vore leiar i Norsk Målungdom og nestleiar i Noregs Mållag. Men korleis har det seg at ein osloværing har enga-

sjert seg i målsaka? Kihl fortel at han eigentleg ikkje var kjempeengasjert i målsaka som ungdom, aller mest var han ein motstandar av nynorskmotstanden.

– Venner verva meg til målungdommen, og etter nokre år vart eg valt som leiar i organisasjonen. Da eg vart klappa inn som leiar, tenkte eg at eg aldri kunne gå attende til å skrive bokmål, for da svikta eg alle som sat i salen. Det løftet har eg halde, og det har eg aldri angra på. I tillegg til at nynorsk er veileigna til å kommunisere på, likar eg den antielitistiske, demokratiske tanken som ligg bak.

Du valde nynorsk som hovudmål da du var vidaregåandelev på Oslo katedralskole. Nokre vil kanskje innvende at det er ein viss elitisme over det?

– Det er kult å tora å vera annleis, men det er ikkje nødvendigvis elitistisk. Ein vil neppe meine at det er elitistisk å vera med i Natur og ungdom, for eksempel. Dessutan var arbeidet i målungdommen svært lite luksuriøst. Vi overnatta på gymsalgolv, vi tok nattbussen til Odda, vi krangla om kvar einaste krone for å halde budsjettet. Nå, derimot, er eg ein fyr som kan bli plassert i meningseliten. Eg kan skilja meg ut ved å vera ein av dei synlege nynorskingane i kommentariatet.

«Med språklova finst det eit rammeverk som styrkjer dei språklege rettane til innbyggjarane.»

Meir mangfald i media

Kihl har bakgrunn både frå organisasjonslivet og politikken, men dei siste åra er det journalistikken han har levd av. I 2018 vart han tilsett som politisk kommentator i Bergens Tidende,

«Eg har vakse opp med bokmål som opplærings-
språk utan eigentleg å få
med meg at ein burde ha
fordommar mot nynorsk.»



etter fleire år som politisk journalist i Klassekampen.

Korleis står det til med språkpolitikken i din eigen bransje?

– NRK er den viktigaste språkaktøren i media. I løpet av dei siste åra har det skjedd mykje i NRK. Nynorskkravet har gått frå å vera ein klamp om foten til å bli noko dei ynskjer å nå. Tidlegare i år opna NRK for å bruke nord-samisk som reportasjespråk i sportsnyheitene, det vil nok påverke andre sektorar. Den heilskaplege politikken i språkløva trur eg vil prege mediebransjen vidare.


Har de journalistar endra måten de skriv om språkpolitikk på?

– Eg ser at media handsamar språk meir i samanheng med identitet og politikk enn før. Tidlegare har saker om språk ofte handla om rettskriving og om skilnaden på «lenger» og «lengre». Eg brenn for god rettskriving, men eg

trur det er mykje viktigare å løfte språkmangfaldet.

Kihl meiner at det kjem ein generasjon med unge journalistar som ynskjer endringar i Medie-Noreg.

– I mange tiår har ikkje redaktørane i dei store mediehusa gjeve nynorsken nokon plass. Men nå kjem det unge journalistar i 20-åra som ber om å få denne plassen. «Opprøret» kjem nedanfrå, og eg trur det heng saman med at det blir utdanna journalistar ved Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Førde. Ved sida av NRK vil eg seia at desse er dei viktigaste utdanningsinstitusjonane i Noreg. Her blir det utdanna journalistar som insisterer på å bruke sitt eige språk, og dette opprøret må redaktørstanden vera førebudd på. Ungdommens djervskap reddar oss alle. Igjen! ●



«Vi må vera reelt
parallelspråklege
om vi skal vera rele-
vante både i Noreg
og elles i verda.»

rektor
Margareth Hagen

Universiteta står i spagaten. Dei har eit lovpålagt ansvar for norsk fagspråk, medan presset frå engelsk aukar. Universitetet i Bergen har ambisiøse mål for å redde norsk fagspråk og ein plan for å nå dei. Vi drog vestover for å lære.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM
FOTO: JOHN ERIK BØE LINDGREN

Ta regi med ein språkstrategi

– Språk er hovudreiskapen for å tenkje og handle. Vi har eit lovpålagt ansvar for å forvalte språket godt og halde fagspråket i hevd. Det er viktig for å sikre kunnskapsnasjonen Noreg og for å formidle fagkunnskap til samfunnet, seier rektor Margareth Hagen ved Universitetet i Bergen (UiB).

Måla til UiB-rektoren er kanskje ambisiøse, men universitetet har ein plan for å nå måla. I 2019 vedtok universitetet språkpolitiske retningslinjer, og det er sett ned eit utval som skal føreslå tiltak for å sikre at retningslinjene blir følgde i praksis. Arbeidet med retningslinjene vart leidd av nettopp Margareth Hagen, som var prorektor på det daverande tidspunktet.

I dei språkpolitiske retningslinjene står det mellom anna at UiB skal vera eit språkleg forbilde for norsk utdanning, kultur- og sam-

funnsliv, at utvikling og formidling av norsk fagspråk og terminologi er ein viktig del av samfunnsoppdraget, og at nynorsk skal ha ein framståande plass i verksemda.

Hagen fortel at det viktigaste med dei språkpolitiske retningslinjene var at dei skulle vera realistiske.

– Det var mellom anna ein diskusjon om kor mange år det skal ta før ein internasjonalt tilsett skal kunne norsk. Vi endra det frå to til tre år. Om du kjem frå eit anna språkområde, tek det tid å lære seg norsk. Vi må ha krav som det er mogleg å leva opp til.

Formidling er nøkkelen

Samtidig som universiteta og høgskulane har ansvar for å utvikle norsk fagspråk, skal dei også vera internasjonale institusjonar. Hagen →



«Språkpolitikken kan ikkje eksistere for seg sjølv, han må inn i andre planar.»

professor Endre Brunstad

→ meiner det er viktig at sektoren handterer spagaten mellom internasjonalisering på den eine sida og forvaltninga av norsk fagspråk på den andre sida.

– Vi må vera opne om at det er utfordrande å arbeide for desse to omsyna samtidig. Vi må stadig forhandle og vera i dialog. UiB er ein internasjonal organisasjon, og vi rekrutterer mange internasjonale forskarar. Vi vil jo at desse forskarane skal bli i Noreg, men det er ikkje arbeid til alle ved universitetet. Dersom vi har eit arbeidsmiljø der det blir praktisert norsk, har dei internasjonale forskarane større moglegheit til å få arbeid utanfor akademien. Vi må vera reelt parallellspråklege om vi skal vera relevante både i Noreg og elles i verda.

Hagen ser lyst på framtida og trur at utdanningsinstitusjonane er i ferd med å greie spagaten mellom norsk og engelsk.

– Det er naturleg at forskning blir publisert på engelsk, for forskinga er internasjonal. Eg trur at formidling er nøkkelen for å halde fagspråket i hevd. Det har vorte meir merksemd rundt språk i utdanningssektoren dei siste åra, og eg trur at vi vil få mykje god faglitteratur og forskingslitteratur på norsk. Vi må ha universitet og forleggjarar som tenkjer medvete på å halde fagspråket i live, og her er eg veldig optimistisk. Populærvitskap sel godt. Vi har også Store norske leksikon, som er ein fantastisk kanal for formidling.

Har kartlagt institusjonane

Det er ikkje berre UiB som har ein språkstrategi. Ein rapport frå Direktoratet for internasjonali-sering og kvalitet i høgare utdanning (Diku) viser at om lag 95 prosent av institusjonane hadde eller arbeidde med språkstrategiar ved årsskiftet 2020/2021. Det er viktig, for ifølgje universitets- og høgskulelova har norske utdan-ningsinstitusjonar ansvar for å halde ved like og utvikle norsk fagspråk på alle område.

Men kartet stemmer ikkje alltid overeins med terrenget. Berre ti prosent av norsk forskning blir publisert på norsk, og talet på masteropp-gåver på norsk har gått markant ned dei siste 20 åra. Talet på internasjonalt tilsette går opp, noko som gjer at delen av engelskspråklege emne aukar.

På grunn av den sterke auken i bruk av engelsk ved norske universitet og høgskular har institusjonane fått i oppdrag frå Kunnskapsde-partementet å utarbeide egne språkstrategiar.

Ifølgje Diku-rapporten er språkstrategiane berre i liten grad strategisk viktige for institu-sjonane. Diku tilrår mellom anna at språklege retningslinjer bør forankrast i strategien til institusjonane, og at ansvaret for å følgje opp retningslinjene og handlingsplanen bør plasserast i ein språkpolitisk komité, eit utval eller ei avdeling i institusjonen.



Foto: Moment Studio

→ Vil byggje ein positiv kultur for språk

Universitetet i Bergen har gjort nettopp det som Diku tilrår, dei har eit eige språkpolitisk utval som skal føreslå konkrete tiltak for å følgje opp dei språklege retningslinene. Utvalet vart sett ned i 2020. På grunn av koronaen har det meste av arbeidet vorte gjort digitalt. Utvalet arbeider nå med ein handlingsplan som skal koma i haust. Det er Endre Brunstad som leier språk-utvalet. Han er til dagleg professor i nordisk fagdiddaktikk.

– Utgangspunktet vårt er å laga ein handlingsplan som er realistisk, og som er forankra i det studentar og tilsette treng. Universitetet er ein stor og kompleks organisasjon. Å navigere i eit universitet er ikkje som å styre ein pølsefabrikk. Vi må forstå kva som skal til for å få gjennomslag.

Språkutvalet har mellom anna gripe sjansen til å koma med innspel til arbeidsmiljøutvalet. Brunstad meiner at språkpolitikk er kopla tett opp mot arbeidsmiljø og inkludering.

– Språkpolitikken kan ikkje eksistere for seg sjølv, han må inn i andre planar, til dømes om forskning eller lektorutdanninga. Kva kan vi gjera for å inkludere internasjonalt tilsette, for eksempel? Dei skal kunne norsk på B2-nivå etter tre år i Noreg. Det er eit ganske høgt nivå. Men vi veit ikkje heilt korleis dette blir følgt opp, eller kva som skjer med dei som ikkje når dette nivået. Dei får jo ikkje sparken, men dei får kanskje tilpassa arbeidsoppgåver der dei i enda mindre grad får moglegheit til å lære norsk.

Korleis skal de byggje ein god kultur for språklæring?

– Vi ynskjer å fremja ein kultur for å bruke norsk. Om vi har ordningar der det er vanleg å bruke norsk i kvardagen, vil det også gi betre haldningar. Vi vil for eksempel ha språkkafear og språkmentorar for internasjonalt tilsette. Det same gjeld nynorsk, det vil påverke haldning-

ane at nynorsk er vanleg og forventa. Vi skal ikkje ha haldningskampanjar der det kjem nokre kule folk og framfører innøvde slagord! Vi må rett og slett sjå på praksisen og den traurige kvardagen, det er her arbeidet må føregå.

Næringslivet vil ha norsk fagspråk ...

Kvart år kartlegg Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) kva kompetanse ulike verksemdar i næringslivet treng. I 2018 inneheldt undersøkinga spesifikke spørsmål om språkkompetanse.

Kompetansebarometeret for 2018 viste at om lag åtte av ti NHO-verksemdar meiner at skriftleg formidlingsevne på norsk har ei stor eller viss betydning. Omtrent like mange meiner det same om munnleg kommunikasjon. Om lag halvparten av verksemdene meiner at kompetanse i framandspråk er viktig, der engelsk (48 prosent) og tysk (13 prosent) er dei mest etterspurde språka utanom norsk.

Kompetansedirektør Are Turmo i NHO seier at NHO er oppteken av å styrkje arbeidslivsrelevansen i høgare utdanning.

– Norsk næringsliv treng eit effektivt og relevant arbeidsspråk. Dei fleste studentar skal bruke norsk som arbeidsspråk når dei kjem ut i arbeidslivet. Difor er det viktig at studentane utviklar solid kompetanse i norsk fagspråk. I tillegg er NHO oppteken av at studentane utviklar kompetanse i andre språk som er viktige for det norske næringslivet, som engelsk og tysk.

Er utdanningsinstitusjonane medvetne nok om kva kompetanse studentane har bruk for i arbeidslivet?

– Arbeidslivsrelevansen er god, men det er eit potensial for forbetring. Seks av ti NHO-verksemdar har eit udekt kompetansebehov, noko som indikerer at det er rom for eit tettare samspel mellom academia og næringslivet. NHO

er difor svært nøgd med at regjeringa la fram ei stortingsmelding om arbeidslivsrelevans våren 2021. Ein betre samanheng mellom UH-sektoren og nærings- og arbeidslivet vil auke kvaliteten på høgare utdanning og få fleire til å gjennomføre studia. Samtidig vil det gje studentane meir relevant praksis, og det kan bidra til å tette kompetansegapet.

... og studentane vil ha norsk fagspråk

I 2018 vedtok Norsk studentorganisasjon (NSO) ein resolusjon som heiter «Me vil ha norsk fagspråk». I resolusjonen meiner NSO mellom anna at alle statlege utdanningsinstitusjonar må ha konkrete tiltak for å overhalde mållova, og at leiarar ved institusjonane må oppmode dei vitenskapleg tilsette til å halde ved like og utvikle norsk fagspråk. Annbjørg Pasteur Stø, som er avtroppande fag- og forskingspolitisk ansvarleg i NSO, trur at språkstrategiar kan vera ein god reiskap for å oppfylle ynska til studentane.

– Den jamne student bryr seg nok ikkje så mykje om det finst ein språkstrategi eller ikkje. Men det viser at språkpolitikken blir sett høgare opp på prioriteringslista, og det er viktig for studentane. Vi har vore frustrerte lenge. Universiteta bryt lova kvart år, og det har vore domenetap til engelsk. Ein må setja språkansvaret i system, elles blir det alles og ingens ansvar. Ein språkstrategi viser konkret at nokon tek ansvar.

Lærer studentar norsk fagspråk godt nok i dag?

– Det er stor skilnad på utdanningane. Rettsvitenskap har ein stor del av undervisninga på norsk, medan ein del ingeniør- og økonomistudium har mykje engelsk. Men det er eit faktum at det blir meir engelsk i utdanninga, og da blir det mindre norsk. Eg meiner det er viktig at studentar lærer å formidle faget sitt, og da må vi lære eit godt og solid norsk fagspråk.

I dei fleste bransjar i arbeidslivet er det viktig å fortelja samfunnet kva ein driv med, og kvifor ein driv med det. Ein formidlar betre i ei kjent språkdrakt.

Stø ynskjer seg ein enda breiare språkdiskusjon ved utdanningsinstitusjonane. Ho meiner at det blir prata for lite om andre framandspråk enn engelsk.

– Vi er einige om at norsk er under press, men synest vi at svensk og dansk er like truande



Foto: NSO / Skjalg Bøhmer Vold

«Ein språkstrategi viser konkret at nokon tek ansvar.»

studentrepresentant
Annbjørg Pasteur Stø



→ som engelsk? Eller kunne det vore eit større skandinavisk samarbeid om publisering av fagstoff? Kunne språkstrategiane vore sett meir i system i Skandinavia? Og kva med andre framandspråk enn engelsk? Kanskje er eitt fagfelt svært langt framme i Frankrike, for eksempel. Da burde studentane fått tilbod om å lære fransk i utdanninga. I dag er det slik at ein må gjera ein stor innsats på eiga hand om ein vil lære eit anna språk enn engelsk.

Heiar på språkrikdomen

Rektor Margareth Hagen ved UiB er einig i at studentane treng å lære både på norsk og på andre språk.

– Det er bra å ha bachelorutdanninga på norsk, både for læringa til studentane og for å halde fagspråket levande. Så trur eg òg at vi

lærer godt av å lære på fleire språk. Det handlar om å seia noko på nye vis. Å formulere noko på to ulike språk er å tenkje på to ulike måtar. Eg trur språkrikdomen er bra for studentane.

Du er professor i italiensk litteratur. Er det bra for UiB å få ein rektor med bakgrunn frå litteratur og språk, trur du?

– Ja, det trur eg er veldig bra! Heilt suverent!

Hagen smiler breitt, men moderer raskt svaret sitt.

– Det er bra at ein skiftar rektor med jamne mellomrom. Eg kjenner språkmiljøa godt, dimed har eg ein kortare veg dit. Samtidig handlar rektorrolla om styringspolitikk og kunnskapspolitikk, og det vil ein rektor med bakgrunn frå psykologi eller matematikk greie akkurat like godt. ●



Språkdagen

SPRÅKDAGEN

9. 11. 2021

Er du interessert i norsk fagspråk?

Meld deg på den digitale Språkdagen 9. november!

Det blir mellom anna debattar om fagspråk i høgare utdanning og nynorsk i skulen.

Send e-post til sprakdagen@sprakradet.no.

– Når grensene blir opna att og eg kan køyre frå Sverige inn i Trøndelag – og sjå Noreg skilta på sørsamisk på grensa – blir det for meg eit sterkt symbol på at samisk og norsk er likeverdige språk, sa distrikts- og digitaliseringsminister Linda Hofstad Helleland etter namnevedtaket.



Hurra for Nöörje!

Nöörje, Norga, Vuodna og Norja. Noreg har fått offisielle namn på dei samiske språka og kvensk.

Stortinget gjorde vedtak om dette 4. mai, etter ein prosess som også Språkrådet har vore involvert i. Det å gje råd om kvenske stadnamn er ei av oppgåvene til Språkrådet.

Fleirspråklege skilt på riksgrensa

Mangelen på offisielle samiske namn på Noreg har hindra Statens vegvesen i å skilte på samisk ved riksgrensa. Regjeringa har derfor bedt Statens vegvesen om å sikre fleirspråkleg skilting på

riksgrensa frå Engerdal kommune i Innlandet og nordover til Pasvik i Sør-Varanger kommune i Troms og Finnmark.

Første gong på kvensk

Forslag til vedtak av offisielle namn på Kongeriket Noreg blei fremja av regjeringa i Prop. 118 S (2020–2021). Dokumentet finst på www.regjeringa.no på norsk, nordsamisk og kvensk. Det er første gong eit offisielt regjeringsdokument er omsett til kvensk. Sidan dokumentet skulle omsetjast, måtte det lagast ein del ny terminologi på kvensk.

Dei offisielle namna er:

SPRÅK

Nynorsk	→ Noreg	→ Kongeriket Noreg
Bokmål	→ Norge	→ Kongeriket Norge
Sørsamisk	→ Nöörje	→ Nöörjen gånkarijhke
Nordsamisk	→ Norga	→ Norgga gonagasriika
Lulesamisk	→ Vuodna	→ Vuona gånågisrijkka
Kvensk	→ Norja	→ Norjan kuninkhaanvaltakunta

Klart språk kan gjøre jussen mer forståelig



Språket er juristenes arbeidsverktøy, og språklig presisjon er et ideal for de fleste jurister. Men mange ikke-jurister strever med å forstå det juridiske språket. De klager gjerne over at det er uklart. Betyr det at juridisk presisjon er uforenlig med såkalt klarspråk?

AV ANNA SENJE

Slett ikke. Stadig flere jurister fremmer klar-språksidealet, og du kan bli en av dem. Nå får du endelig skreddersydde skriveråd som kan gjøre språket ditt (enda) klarere uten at det går ut over innholdet og presisjonsnivået.

Hvilket grunnlag har egentlig Språkrådet for å mene noe om jusspråket? Grunnlaget er at Språkrådet har en nøkkelrolle i arbeidet for klart språk i offentlig sektor. Vi har erfart at de aller fleste skribenter, uansett hvor faglig sterke de er, har nytte av både språkfaglige råd og tilbakemeldinger fra uinnvidde lesere. I flere år har vi bistått lovutvalg og departementer med kvalitetssikring av språket i utvalgte lovtekster. Statsansatte henvender seg til oss for å få råd om konkrete formuleringer i juridiske tekster. Dessuten tar privatpersoner kontakt med oss for å få hjelp til å tolke ord og setninger eller for å luften sin generelle frustrasjon over det de opp-


lever som ubegripelig språk i juridiske tekster.

Så hva er det ved jusspråket som er så vanskelig? Hvor ligger hindringene for oss ikke-jurister? Hindringene kan for eksempel være

- lange og innflokke setninger, setninger med komprimert mening, umotivert bruk av passiv
- vanlige ord brukt i uvanlig betydning, fyllord og overpresiseringer, gammeldagse ord («kansellistil»), vage og flertydige ord

Jurister er naturligvis ikke alene om å skrive vanskelig, og de språklige trekkene som er nevnt ovenfor, finnes i mange tekster fra det offentlige. Men i viktige juridiske tekster med stort nedslagsfelt – nemlig lover og forskrifter – finner vi mange av disse trekkene i nokså konsentrert form. Det er mye av alt, og det er ganske gjennomgående.

→

A man in a dark suit and tie is sitting on a stack of books. He is holding several sheets of paper and looking at them. The stack of books is composed of several thick volumes, some with visible pages and others with dark covers. The background is a light teal color with a white cloud in the upper left.

«Mange jurister later til å tro at klart språk hindrer juridisk presisjon.»





«Språklige endringer skal selvsagt aldri gå på bekostning av innholdet.»

→ **Klart språk hindrer ikke juridisk presisjon**

Mange jurister later til å tro at klart språk hindrer juridisk presisjon. I en rapport fra en undersøkelse som ble gjennomført av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) i 2013, finner vi dette: «Vi har fått mange tilbakemeldinger fra jurister om at en av de store utfordringene er å få til et enklere språk og samtidig ivareta den juridiske presisjonen. Det uttrykkes bekymring for at man mister nyanser ved ukritisk språklig forenkling av reglene.»

Forestillingen om at klart språk og juridisk presisjon ikke kan forenes, virker ganske seiglivet. Vi vil gjerne utfordre den litt:

- For det første er det, som også flere jurister har påpekt, fullt mulig å endre språket i lover og forskrifter (og dermed også andre juridiske tekster) uten at det går på bekostning av presisjonen.
- For det andre er uklart formulerte regler vanskeligere å etterleve og ofte også å håndheve.

- For det tredje er «ukritisk forenkling» en lite tjenlig karakteristikk av klarspraksarbeid. Det er snarere tale om en *kritisk* forenkling, altså en grundig gjennomgang av teksten for å finne ut *hva* som kan (eventuelt ikke kan) forenkles, og *hvordan*. Språklige endringer skal selvsagt aldri gå på bekostning av innholdet.

De seneste årene har stadig flere jurister blitt opptatt av klart språk. Både Jussbuss og dommere har engasjert seg. Domstoladministrasjonen har laget heftet *Anbefalinger om domsskriving*, som inneholder gode råd om språk i dommer. Skriveopplæring er kommet inn i jussutdanningen ved UiO og UiB. Det juridiske fakultet ved UiO har arrangert flere konferanser og seminarer med språk som tema.

Bedre språk gir bedre lover

Det juridiske fakultet ved UiO har satt i gang prosjektet «Klarspråk i juridisk forskning og undervisning». Kunnskap om utforming av



«Språkrådet har en nøkkelrolle i arbeidet for klart språk i offentlig sektor.»

klart regelverk i lover og forskrifter er særlig sentralt. I valgemnet Lovgivningslære skal jussstudentene øve seg på å skrive utredninger og lovttekster for reelle oppdragsgivere.

De aller fleste lover og forskrifter er tekster som skal leve lenge. De bør ha oversiktlig struktur og godt og klart språk. Uttryksmåter fra lovttekster blir gjenbrukt i andre tekster som produseres i det offentlige. Klarere språk i regelverket kan gi klarere forvaltningsspråk på de områdene reglene gjelder.

En del lover og forskrifter er mer kompliserte og omstendelige enn de trenger å være. Mange bestemmelser er vanskelige å forstå, og det skyldes oftere språket enn innholdet. Det er selvsagt ikke noe mål at enhver lovttekst skal være fullt ut forståelig for absolutt alle, men viktige lovttekster som angår mange, bør være noenlunde lette å forstå. De siste årene har vi merket en økt interesse for språk i nettopp lover og forskrifter. Krav om klart språk og ryddig struktur inngår nå i mandatet til flere utvalg som skal skrive eller revidere lovttekster.

